

Referat frå telefonomøte i Telemarkskomiteen Mandag 21.09.2009 kl. 19.00

Til: Medlemmar av telemarkskomiteen, FIS-representant-
Trond Gunleiksrud, Anette Eriksen, Petter Ekran.

Kopi til: Skipresident Sverre Seeberg, Generalsekretær Bård Amundsen

Frå: Stine Fet

Dato/tidspunkt: 21.09.2009. Kl. 19.00

Stad: Telefonmøte

Sak: TK Møte nr 8 2008-2010

Tilstades: Anette Eriksen, Petter Ekran, Morten Nordli, øvrige medlemmar av telemarkskomiteen.

Meldt forfall: Iver Olav Krohn

Ikkje meldt forfall: Trond Gunleiksrud

Sak 46 2008-2010 Godkjenning av referat frå førre møte. Referat godkjent. Ingen innvendingar.

Sak 47 2008-2010 TK leiar Birger Goberg orienterer om skistyremøtet som var.

Innstilling frå administrasjonen: Bjorli får tilskot på 50 000 kr og Rjukan får tilskot på 250 000 kr til sine FIS renn.

Spørsmål frå dei som har laga det nye tilleggsystemet, om å legge inn fleire språk i programvaren for 25 000 kr. Dette er naudsynt i forhold til at den skal kunne nyttas i andre land enn Noreg. Vedtatt.

FIS Telemark vil kjøpe systemet for ca. 50 000 kr. Fleire TK medl. syns dette er billig. Birger skriv brev til Trond, der han ber om at FIS vil gje meir for systemet.

Sak 48 2008-2010 Petter orienterer om marknadsarbeidet som er gjort så langt. Vi har fått gode tilbakemld. på stoffet som er laga, det er fullt sal bart i sponsormarknaden. Birger oppfordrar alle TK medlem til å gjere ein innsats her.

Sak 49 2008-2010 Stine orienterer om "Kick Off"- helga på Geilo som er planlagt til 30.okt-1.nov. Alle TK medl. kan vere med. Det er laga program og sendt ut invitasjon til samarbeidspartnalar og alle andre. Håpar på stor deltaking.

Sak 50 2008-2010 Morten orienterer om budsjettet for 2009. Det er eit forventa overskot så langt. Dette hovudsakleg grunna kutt i lønn til tilsette. (Kjetil gjekk over til ny jobb).

WC budsjettet til landslaget godkjent. Ingen innvendingar.

Sak 52 2008-2010 Anne går gjennom den nye aktivitetsplanen. Alle planar fram til neste TK møte vert gjennomgått. Iver Olav må ha klar fordelinga av TD til dei forskjellige renna til neste TK møte på Geilo.

Sak 53 2008-2010 Morten orienterer kort om Skipool avtalen. For Telemark sin del ser det ut til at fordelinga blir uendra.